

Arkiv: FA-U01
JournalpostID: <jplD> 20/9574
Saksbehandlar:
Dato: 20.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
017/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.03.2020

Prosess og metode for oppstart av temaplan for næringsutvikling Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- I arbeidet med temaplan for næringsutvikling (strategisk næringsplan) skal ein nytte metoden smart spesialisering etter tilrådingane frå næringsanalysen «Smart vekst i Alven».
- Arbeidet med ny temaplan skal koordinerast med prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver og oppstart av smart spesialiseringsstrategi for næringsutvikling i Vestland fylkeskommune.

Utval for næringsutvikling og drift 11.03.2020:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) stilte følgjande tilleggframlegg:

Ved starten av arbeidet med næringsplanen skal det gjerast ei vurdering/rangering av Alver kommune sin næringsattraktivitet, slik at ein seinare kan gjera same rangeringa igjen for å sjå korleis ein har lukkast med planen. Utvalet ber administrasjonen koma attende med ei sak med framlegg til protokollar og metode for dette i juni-møtet.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggframlegg frå Stian Lavik sett fram i møtet.

ND- 017/20 Vedtak:

I arbeidet med temaplan for næringsutvikling (strategisk næringsplan) skal ein nytte metoden smart spesialisering etter tilrådingane frå næringsanalysen «Smart vekst i Alven».

Arbeidet med ny temaplan skal koordinerast med prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel for Alver og oppstart av smart spesialiseringsstrategi for næringsutvikling i Vestland fylkeskommune.

Ved starten av arbeidet med næringsplanen skal det gjerast ei vurdering/rangering av Alver kommune sin næringsattraktivitet, slik at ein seinare kan gjera same rangeringa igjen for å sjå korleis ein har lukkast med planen. Utvalet ber administrasjonen koma attende med ei sak med framlegg til protokollar og metode for dette i juni-møtet.

Politiisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Alver kommune har vedtatt å styrke si samfunnsutviklarrolle. Det betyr at kommunen si rolle som pådrivar og samskapar skal styrkast og framhevast på fleire område. Store samfunnsutfordringar krev løysingar på tvers av etatar og fagområde, og det offentlege ser i stadig større grad behov for å samarbeide med både private aktørar, forskingsinstitusjonar, organisasjonar og innbyggjarar om å forbetre og utføre oppgåver og tenester. I smart spesialisering er det lagt til grunn at myndigheitene kan ta ein pådrivarrolle for utvikling av nye nisjer og næringsområde.

Næring og utvikling har på oppdrag frå Formannskapet i Alver (2019) gjennomført ein næringsanalyse av næringsstrukturen i Alver i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. I rapporten blei det kartlagt ei utvikling av relaterte og spesialiserte næringar i Alver i perioden 1993-2016 og samanhangen med utviklinga i tilsvarende næringar i resten av landet. Næringsanalysen er eit kunnskapsgrunnlag for Alver kommune å leggje til grunn i det vidare strategi- og planarbeidet for kommunen. Strategi for smart spesialisering er ein strategi for å få fram noko som er nytt, men beslekta i dei næringane og kunnskapane som allereie finst i kommunen og regionen, altså regionen sine spesialiseringar. Det å skape nye næringsområde blir enklere dersom dei kan byggje på eksisterande næringsstruktur, kompetanse, eller andre eksisterande fortrinn som regionen har. Smart spesialisering gir regionale myndigheiter verktøy til å stimulere utvikling av næringsmulegheiter bygt på - og i tilknytning til regionen sine fortrinn.

Hovudkonklusjonen frå næringsanalysen viser at Alver bør styrke sitt næringsmangfald som vil vere gunstig for en raskare omstilling og verdiskaping for kommunen. Sjansane for å lukkast med næringsutvikling i Alver aukar dersom ein satsar på næringar som er relatert til dei sterke og dominerande næringane i kommunen. Då vert eksisterande kompetanse nyttiggjort på nye måtar. Ein smart spesialiserings-strategi vil bidra til ei slik innretning og til eit næringsutviklingsarbeid som bør innrettast både mot nye og etablerte bedrifter.

Kva er nytt og kva er utfordrande med smart spesialisering?

I smart spesialisering kan myndigheitene ta ei pådrivarrolle for utvikling av nye nisjar og næringsområde. Då EU lanserte smart spesialisering i 2012, la dei vekt på å lære av tidlegere erfaringar med regionale utviklingsstrategiar. Vanlege utfordringar i desse strategiane var:

- Mangel på (inter)nasjonalt perspektiv: Regionene blei studert og vurdert isolert frå omverda.
- For mykje offentlig involvering og for lite næringslivsengasjement: Strategiane tok for lite omsyn til det faktiske utgangspunktet i regionen, kva personar og aktørar som faktisk kunne bidra til å skape vekst.
- Manglande analyse av regionane sine mulegheiter og fordelar. Det er lett å leggje mest vekt på utfordringane.
- Det offentlege prøvde å «plukke ut vinnarar».
- Dei regionane som gjorde det best, blei forsøkt kopiert utan at lokal kontekst og mulegheiter blei tatt i betrakning.

Smart spesialisering søkjer å unngå desse fallgruvene, som også er relevante for Alver.

Koordinering med ny samfunnsplan og andre regionale planprosessar

I arbeidet med ein ny næringsstrategi for Alver er det viktig at ein har gode dialogprosessar med eit breidt samansett aktørbilete, frå myndigheiter, kompetansemiljø, organisasjonar, næringsliv, klynger, nettverk og investorar. Få eit breidt innspelsgrunnlag som kan danne grunnlag for ei brei mobilisering av innsatsfaktorar frå private investeringar, offentleg virkemiddel, innovasjonssatsingar som kan setje nye spor i næringsstrukturen i Alver.

Medverknadsprosjekt og arbeid med samfunnsdelen

Slik det går fram av planstrategien skal Alver kommune starte arbeidet med ny samfunnsdel i 2020. Næring- og samfunnsutvikling blir ein særskild viktig del av dei overordna måla og strategiane som skal vere med i samfunnsdelen.

Utval for næringsutvikling og drift får ei sentral rolle med å utforme næringspolitikken i samfunnsdelen og det er planlagt at det politiske arbeidet blir gjennomført i løpet av hausten 2020. Her bør metoden for smart spesialisering vere eit grunnlag for å utforme næringspolitikken i Alver. Våren 2020 vil det bli gjennomført eit medverknadsprosjekt, som skal vere grunnlag for fleire av planane som ligg i planstrategien. Prosjektet vil bli gjennomført over to – tre månader og det blir lagt opp til at kommunen skal ut på ulike arenaer for å lytte til kva innbyggjarar og næringsliv meiner om utviklinga av Alver. I denne prosessen vil det også bli lagt opp til at utval for næringsutvikling og drift møter ulike aktørar. Tilbakemeldingane vil bli brukt i det politiske arbeidet i haust. Når utvalet er ferdig med å utarbeide politikken i samfunnsdelen, kan arbeidet med temaplan for næringsutvikling starte.

Temaplanen blir ei konkretisering av næringspolitikken i samfunnsdelen, og utarbeiding av ein tiltaksplan er ein viktig del av planen. Det som er planlagt er at alle temaplanar startar opp i etterkant av samfunnsdelen, og det mest realistiske er at det arbeidet startar 1. kvartal 2021.

Framdriftsplan:

- Mars – mai 2020: Medverknadsprosjekt
- Våren 2020: Grundig gjennomgang av næringsanalysen som førebuing til det politiske arbeidet i haust.
- September – desember 2020: Politisk verkstad kommuneplanen sin samfunnsdel
- 1. kvartal 2021: Oppstart temaplan for næringsutvikling.

Våren 2020 startar også Vestland fylkeskommune ein liknande prosess for utviklinga av ein ny næringsstrategi for regionen. Som ein del av arbeidet med å utvikle ein ny næringspolitikk i Alver vil det vere viktig å kunne koordinera arbeidet i samspel med Vestland fylkeskommune.

Til å støtte opp under arbeidet har Kommunal- og moderniseringsdepartementet laga ein norsk rettleiar. Høgskolen på Vestlandet vil også vere ein kompetanseorganisasjon som kan nyttast i prosessen.